

Søknad om samtykke frå Arbeidstilsynet: Bekrefting på at arbeidsmiljøutvalet har medverka i planlegginga

Når det blir planlagt nybygg eller bygningsmessige endringar i tiltak/bygg som skal brukast til arbeidsplassar, skal arbeidstakarane medverke i søkeprosessen. Det vil seie at arbeidstakarane må involverast i prosessen og skal ha høve til å uttale seg om dei bygningsmessige planane.

I søknader som gjeld tiltak/bygg som skal brukast av fleire arbeidsgivarar, skal medverknaden gå føre seg med arbeidstakarane frå kvar enkelt verksemd. Medverknaden til arbeidstakarane skal skje gjennom representantane for arbeidstakarane i dei organa som verksemda er forplikta til å ha.

[Sjå krav til medverknad ved nybygg eller ombygging.](#)

Søknaden skal dokumentere at planane oppfyller krava

Tiltakshavar må søke om – og få – Arbeidstilsynet sitt samtykke til alle tiltak som er søknadsplichtige etter plan- og bygningsloven, og som no eller truleg i framtida skal brukast av ei verksemd som er omfatta av arbeidsmiljøloven (sysselset arbeidstakarar), jf. arbeidsmiljøloven § 18-9. Kommunen kan ikkje gi igangsettingsløyve før Arbeidstilsynet har gitt slikt samtykke.

I søknaden skal tiltakshavar dokumentere at tiltaket/bygget blir planlagt med bygnings- og utstyrmessige løysingar som er i samsvar med krava til arbeidsbygg, slik at sikkerheita, helse og velferda til arbeidstakarane blir varetatt.

Regelverket krev at arbeidslokala og arbeidsplassane skal vere tilpassa typen arbeid, særskilde risikoforhold ved drifta og behova til kvar enkelt arbeidstakar. Krava til personalfasilitetar (for eksempel garderober og matrom) skal vere oppfylte. Derfor skal planane i søknaden dokumenterast med beskrivingar og teikningar.

Digitale søknader kan få samtykke trass innvendingar

Søknader i dei digitale søkeløysingane kan få automatisk samtykke sjølv om arbeidsmiljøutvalet har innvendingar til planane. Det kjem av at den digitale løysinga gir automatisk samtykke når søkar erklærer at det er planlagt i samsvar med preaksepterte (førehandsgodkjente) løysingar.

Når det blir erklært at preaksepterte løysingar er varetatt i planane, blir ikkje søknaden vurdert av ein saksbehandlar før Arbeidstilsynet gir samtykke. Dermed legg vi heller ikkje vekt på eventuelle innvendingar.

Arbeidstilsynet kan likevel gjennomføre etterkontroll av samtykke som er gitt automatisk. Da går saksbehandlarar gjennom all dokumentasjonen som tiltakshavar har sendt.

Arbeidsmiljøutvalet skal medverke

I verksemdar med krav om å ha arbeidsmiljøutval (AMU), skal AMU behandle planar som krev samtykke etter § 18-9, jf. arbeidsmiljøloven § 7-2 andre ledd bokstav c. Det gjeld sjølv om verneombod, brukargrupper o.l. har medverka i søkeprosessen.

Eventuelle innspel frå verneombod, brukargrupper o.l. bør leggest fram for arbeidsmiljøutvalet før det uttaler seg.

Vi gjer oppmerksom på at fleire krav til medverknad kan følge av tariffavtalar o.l. som partane er bundne av. Arbeidstilsynet har ikkje myndigheit til å følge opp slike avtalar mellom partane.

Slik bør arbeidsmiljøutvalet medverke i planlegginga

I samarbeid med arbeidstakarane og representantane deira skal tiltakshavar

- kartlegge og risikovurdere alle aktivitetane og prosessane som skal skje i arbeidslokala
- bruke kartlegginga og risikovurderinga til å planlegge med bygnings- og utstyrsmessige løysingar som varetar dei aktuelle krava til arbeidslokala og arbeidsplassane

Ta utgangspunkt i eigenerklæringa med preaksepterte løysingar

Vi anbefalar at medverknaden tar utgangspunkt i skjemaet for eigenerklæring med Arbeidstilsynet sine preaksepterte (førehandsgodkjente) løysingar. Eigenerklæringa gir ei systematisk oversikt over krava, og beskriv løysingar som vi har førehandsgodkjent og som vil gi samtykke.

På denne måten kan arbeidsmiljøutvalet bli kjent med kva krav som er aktuelle og kva løysingar som er preaksepterte (førehandsgodkjente) for desse krava. Dei kan også vurdere og kommentere planar som avvik frå dei preaksepterte løysingane.

Søker tiltakshavar i ei digital søkeløysing? [Last ned og sjå eigenerklæringa som PDF på arbeidstilsynet.no.](#)

Krav til bekrefting og dokumentasjon frå arbeidsmiljøutvalet

Dokumentasjonen på medverknaden frå arbeidsmiljøutvalet skal

- vere skriftleg
- bekrefte reell deltaking i prosessen
- opplyse om arbeidsmiljøutvalet har merknader
- innehalde eventuelle kommentarar eller innvendingar til planane

Nedanfor kan de beskrive kort korleis sjølv medverknadsprosessen har skjedd eller vise til vedlegg. Legg også ved referat frå behandlinga i AMU.

Bekrefting og signering frå arbeidsmiljøutvalet

Medverknaden gjeld tiltak (bygg/adresse):

Medverknaden gjeld lokale:

Medverknaden gjeld for verksemd:

Org.nr.:

Beskriv medverknadsprosessen her, eller vis til vedlegg. Legg også ved referatet frå behandlinga i AMU:

Har AMU kommentarar eller innvendingar til planane utover det som kjem fram av referatet?
Skriv her eller vis til vedlegg:

Som representant for AMU bekreftar eg at AMU har medverka i planlegginga i tråd med krava i regelverket.

Namn	
Rolle/Tittel	Telefon
E-post	
Dato	
Signatur	